



Lag og organisasjonar

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2463 - 14/16628

Saksbehandlar:

Nina Randal

nina.randal@meland.kommune.no

Dato:

31.10.2014

## Frivilligmelding i Meland

I Meland kommune er det vedteke at det skal skrivast ei frivilligmelding.

Frivilligmeldinga skal synleggjera frivilligheita og kva som fins av mangfald og aktivitetar innafør dei fleste samfunnssektorane i Meland.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som ser slik ut:

1 representant frå Fellesrådet

1 representant frå Idrettsrådet

1 representant frå Ungdomsrådet

1 representant frå Kulturråd

Dagleg leiar ved Meland Frivilligsentral er sekretær for gruppa.

Arbeidsgruppa har følgjande mandat:

- Oversikt over lag og organisasjonar i Meland
- Kartleggje arbeidet frivillig lag, organisasjonar og enkeltpersonar legg ned i dei ulike samfunnssektorane.
- Nye arenaer for frivillig innsats.
- Trekke opp liner for korleis kommunen kan styrke arbeidet med å auke frivilligheita.
- Tydeliggjere kva frivillig sektor kan forvente i samarbeid med kommunen og korleis dette samarbeidet kan utviklast.

For å kartleggje og få ein oversikt over lag og organisasjonar i Meland kommune vert dette brevet sendt til alle laga i kommunen vedlagt eit spørjeskjema som me ber om at de fyller ut og returnerer.

Skjemaet kan returnerast pr post: Meland Frivilligsentral, Postboks 79, 5906 Frekhaug

Eller på e-post: [nina.randal@meland.kommune.no](mailto:nina.randal@meland.kommune.no)

Me takkar på førehand for tilbakemeldinga.

Med helsing

Nina Randal

dagleg leiar Frivilligsentral

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



**Mottakere:**

Lag og organisasjonar